



Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref: 24/368	Dykkar dato: 24.01.2024	Vår ref: 24/4803 - 24/29231	Vår saksbehandlar: Johnny Loen - 712 80 243	Dato: 07.03.2024
--------------------	-------------------------	-----------------------------	---	------------------

Alminnelig høring - forslag til ny kart- og planforskrift

Vi viser til høringsbrev datert 24.01.2024.

I alt vesentleg er Møre og Romsdal fylkeskommune positive til endringsframlegget. Vi har nokre konkrete merknader til enkeltpunkt nedanfor. Vi ønsker også å gi nokre generelle kommentarar knytt til arealplanlegging i sjøareala.

-Sjøareala

Det er eit stadig aukande press på sjøområda frå ulike interessentar, og det er tilkjennegitt store, nasjonale ambisjonar om næringsutvikling basert på marine ressursar. Saman med skjerpa krav om heilskapleg og økosystembasert planlegging, gir dette kommunane ei stor utfordring i å planlegge sjøareala på ein framtidsretta og konfliktavklarande måte. Utviklinga skjer rakst innan marine og maritime næringar. For å møte utviklinga gjennom lokal og regional planlegging, krevst betre kunnskapsgrunnlag, betre metodikk og betre digitale verktøy.

I sjø vil det typisk vere areal i mange plan, med overlappande interesser, konkurrerande eller ikkje. Nye artar i akvakultur og ei rivande teknologiutvikling, set stadig nye krav til eigna lokalitetar, og berekraftomsyn og restriksjonar krev heilskapleg tilnærming.

Kart- og planforskrifta gir avgrensa handlingsrom for differensiert planlegging i sjø, og ikkje minst i korleis ein i arealplanar synleggjer ulike planføremål og omsyn. Det er liten variasjon i fargekodinga og avgrensa opning for differensiering i underkategoriar. Saman med overlappande omsyns- og restriksjonssoner, gjer dette plankartet lite tenleg med tanke på effektiv forvaltning. Arealplanane blir vanskeleg tilgjengelege og lite forståelege, for både allmenta og dei som elles har interesser i sjøareala. Dette vanskeleggjer både medverknad i prosessane og

forvaltning i etterkant av planvedtak, og representerer på denne måten også ei demokratisk utfordring. Dette har sjølvstøtt også betydning for planane sin legitimitet.

Gjeldande arealplanar i sjø blir stadig utfordra av ny utvikling i akvakulturnæringa, med både nye artar og ny teknologi. Generelt ønsker både næringa og det offentlege at prioritering av arealbruk skal vere føreseieleg og skje gjennom heilskaplege planprosessar etter PBL. I realiteten skjer svært mykje av utviklinga gjennom dispensasjon frå plan, mykje på grunn av det som er nemnt ovanfor.

Med dette som bakgrunn, er vi kritisk til at ein i ein gjennomgripande revisjon av forskrifta, ikkje har gått grundigare inn på rammene for sjøarealplanlegging. Det einaste sporet av dette, er knytt til massedeponering i sjø.

Her burde ein i staden drøfte gjennomgripande korleis forskrifta og produktspesifikasjonen kunne medverke til noko større fleksibilitet opp mot den raske utviklinga i akvakultursektoren (ev. andre sektorar), og samtidig betre lesbarheit i sjølve plankartet.

-Årsversjonar § 4

Formuleringa i § 4 blir vidareført frå gjeldande forskrift. Føremålet med bestemminga er innlysande, og det er naturleg at Kartverket har ansvaret for systematisk lagring av historiske plandata. Men sjå også kommentarar til §§ 6, 13 og 14 nedanfor.

-Rettleiing og kontroll § 6

Vi har ikkje merknader til endringa, men det store spørsmålet i praksis, er om kommunane er rigga økonomisk og kompetansemessig til å gjere planregistra komplette, slik at dei speglar den reelle plansituasjonen. For svært mange kommunar vil analyse med utgangspunkt i planregistra vere hefta med store feilkjelder, og dermed ubrukbar for føremålet.

Vi har stor forståing for at det er vanskeleg for kommunane å rekruttere rett kompetanse og ressurskrevjande å digitalisere eldre planer, særleg dersom dette også fordrar nye godkjenningssprosessar etter pbl kap 12. Vi etterlyser derfor nasjonale ressursar til ei slik oppgåve, ikkje først og fremst med fokus på nye, juridisk bindande planvedtak, men med sikte på fulldekkande, analyserbare data. Dette kan gjerast sjølv om eldre analoge versjonar må representere dei rettsleg bindande planane.

-Plikta til planregister § 13

I utkast til ny forskrift er det krav om at alle kommunar skal ha digitalt planregister, men det er ikkje krav om at dette skal synkroniserast mot eit nasjonalt planregister. Fylkeskommunane er frekvente brukarar av planregistra (og sikkert også statlege etatar og dels konsulentbransjen). Kommunale planregister er sentrale for å evaluere om ein når nasjonale og regionale arealpolitiske mål, og det er derfor viktig at data frå alle kommunane er kvalitetskontrollert, samla og tilgjengeleggjort ein stad, i eitt nasjonalt register. Vi ber derfor om at eit slikt krav blir teke inn i forskrifta.

Kartverket får gjennom forslag til ny § 6, ei rettleiar- og kontrollrolle overfor kommunane. Det inneber sjølv sagt nær kontakt med dei karttekniske miljøa (i den grad dei finst) i kommunane, og nær kjennskap til kommunane sine karttekniske plattformer og verkøy. Kartverket har også hovudansvaret for tilrettelegging av basiskart, og som nasjonal geodatakoordinator. Vi finn det derfor naturleg at Kartverket driftar eit nasjonalt planregister.

-Innhaldet i planregisteret § 14

Også regionale planar er i forslaget tenkt synleggjort gjennom dei kommunale planregistra. Dette gir etter vår vurdering ikkje godt nok grunnlag for å forvalte regionale planar. Regionale planar dekker mange kommunar med ulik/skiftande kompetanse, ulike rutiner og ulike visningsplattformer, noko som vil gjere både innsyn og tolkning uhandterleg. Ikkje minst vil det også vere vanskeleg å skaffe oversyn over korleis samanhengane i den regionale planen er, over kommunegrensene. Etter vår vurdering er det openbart eit behov for eit nasjonalt planregister, og dette bør forankrast i kart- og planforskrifta.

-Vedlegg I - V

Forslaga til nye arealføremål i kommunale arealplanar synest stort sett fornuftige og greitt grunnleggjande. Til dei faktiske forslaga har vi følgjande merknadar:

1. Urbant landbruk:

Møre og Romsdal fylkeskommune er samd i at arealføremålet blir plassert under hovudføremålet "bebyggelse og anlegg" framfor "grønstruktur". Grønstruktur har for ein stor del intensjon i seg om å vere er allment tilgjengeleg. Areal avsett til urbant landbruk vil i motsetnad til dette, vere privatisert. Sjølv om urbant landbruk blir definert som eige arealføremål, ser vi ikkje bort frå at slik aktivitet også kan skje i andre føremål, utan på vere i strid med desse, til dømes innafor private bustadtomter.

2. Massedeponi:

Slikt føremål har lenge vore sakna. Alle kommunar har plikt til å legge til rette for stader ein kan deponere inerte masser, anten mellombels eller varig. Vi meiner likevel at departementet bør vurdere å skilje mellom permanente deponiføremål, der siktemålet over (lang)

tid er landbruks- eller naturareal, og mellomlagring/prosessering av masser i påvente av ny bruk. Det siste vil vere eit viktig element i ein meir sirkulær ressursøkonomi.

Vi støttar at massedeponi til sjøs også bør vere eit føremål.

3. Kraftkrevjande industri:

Tanken bak eit slik føremål må vere at ein gjennom planlegging kan sikre at denne typen verksemd blir etablert i område som er best eigna. Presumptivt vil dette vere i nærleiken av der el-kraft allereie blir produsert, eller nær eksisterande knutepunkt i transmisjonsnettet. Men det er like lett å tenke seg at ein ser fram mot komande energiproduksjon og framtidig struktur i transmisjons- og regionalnett. Sistnemnde er ikkje underlagt plan- og bygningslova, noko som gjer/kan gjere planlegginga utfordrande uansett.

Vi er samd med departementet i at definisjonen av "kraftkrevjande industri" kan vere utfordrande. Trass innvendingane, ser vi likevel at behovet for eit slikt føremål kan vere til stades, og imøteser ein meir tydeleg definisjon. Vi noterer at arealføremålet ikkje er foreslått på kommuneplannivået, og stiller spørsmål ved om dette er tilsikta. Det er nettopp på kommuneplannivået at eit slikt føremål er mest tenleg, etter vår vurdering.

4. Datasenter:

Utfordringane med datasenter er mykje dei same som ved annan kraftkrevjande verksemd. Dei er likevel forskjellige, i og med den "tradisjonelle" kraftkrevjande industrien ofte inneber større og meir industrielle bygningar, ulike typar ureining og støy, og større trafikk til og frå. Dette er eit argument for at datasenter ikkje inngår i føremålet kraftkrevjande industri.

5. Vindkraftanlegg:

Føremålet synest nødvendig både på regionalt plannivå og på kommune- og reguleringsplannivå.

6. Solkraftanlegg:

Tilsvarande som for punkt 5.

7. Faunapassasje:

I høringsbrevet er faunapassasje omtalt som planfri kryssing over eller under veg eller jernbane. Etter vår vurdering bør føremålet kunne nyttast generelt til å sikre konektivitet mellom viktige naturområde, både i plan med eksisterande infrastruktur og over eller under. Føremålet bør neppe nyttast som grunnlag for ferdseksforbod, men det må vere heimel for å hindre inngrep og tiltak som reduserer kvaliteten som faunapassasje, til dømes hogst, bygging, gjerder m.m.

Vedlegg VI - arealsoner i plankart til regional plan:

Under Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur på land, saknar vi småbåthamner/gjeste-hamner. Desse er rett nok nemnt i sjøareal, men det er innlysande at her også er tilliggande, vesentleg arealbruk på land.

Vi har elles ikkje vesentlege innvendingar ut frå den grunngivinga som kjem fram i avsnitt 8.5 i forslaget, utover det som kjem fram i merknad til § 14 ovanfor.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
seksjonsleiar

Johnny Loen
plansamordnar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal